



Bjørn Markussen
Dag Hammerskjøldsvei 93
5144 FYLLINGSDALEN

Referanser:
Dykkar:
Vår: 14/6313 - 14/21752

Saksbehandlar:
Tor Hegle
Tor.Hegle@lindas.kommune.no

Dato:
24.09.2014

Svar på førespurnad om reguleringsplan. Gbnr 58/168 Lygre indre

Eg takkar for Dykkar førespurnad datert 22.08.14, motteke 27.08.14.

Det vert vist til epost frå vår Siril Sylta til Dykk, datert 22.08.14., der vi har meldt om at gjeldande reguleringsplanar er juridisk bindande planar som har avgjerd ved handsaming av byggesaker. Der har vi òg meldt om at dersom De ynskjer å endre ein reguleringsplan, så må det settast fram som ein planendring.

Eg er taknemleg for tilbakemelding om korleis vi skal sjå på Dykkar førespurnad.

- a) Er den meint som ein søknad om dispensasjon frå plan, gir dei mottatte dokumenta ikkje nok grunnlag for å behandle slik søknad.
- b) Ynskjer De ein førehandskonferanse om ei eventuell ny byggesak, vert det vist til byggesakforskrifta § 6-1 med rettleiar (sjå www.dibk.no). Gebyr for førehandskonferanse er kr. 2 800,-.
- c) Er det ein førespurnad om korleis vi vil svare, dersom vi fikk ein søknad om dispensasjon for eit tiltak der takvinkel er 27 grader m.v.

Ei byggesak handlar om mange ulike element, der takvinkel er berre eit av elementa.

Her er det vanskeleg å svare på grunn av at opplysningane vi har fått er avgrensa. Eit godt svar kan ikkje bli gitt før det ligg føre formell søknad om dispensasjon.

Det vert i utgangspunktet vist til Fylkesmannen si avgjerd den 21.02.11., der det i klagesaka mellom anna var prøvd eit tiltak der takvinkelen var 30 grader. Fylkesmannen fant ingen grunn til å gi dispensasjon frå føresegnene der krav til takvinkel er sett til 38 grader.

I dette tilfellet er avviket på takvinkel større.

Har vi ikkje mottatt tilbakemelding innan 15.oktober, vert førespurnaden lagt til arkiv.

Med helsing

Tor Hegle
einingsleiar



Dette dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.

Mottakarar:
Bjørn Markussen

Dag 5144
Hammerskjøldsvei
93

FYLLINGSDALEN